

MØTEINNKALLING

Kopi til: **Ordføreren**
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Måndag, 03.06.2019 kl. 16.05 i Formannskapssalen.

SAKLISTE:

- Sak 09/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 08.04.2019
- Sak 10/19 - Årsmelding 2018 Stranda kommune.
- Sak 11/19 - Kommunerekneskapen 2018 Stranda kommune.
- Sak 12/19 - Særrekneskapen 2018 Stranda Hamnevesen KF
- Sak 13/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune»

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Sak 09/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 08.04.2019

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 08.04.2019 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Ole Jørgen Sve, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte konst. dagleg leiar Kurt Løvoll.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 05/19 Godkjenning av møtebok frå møte 12.02.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 12. februar 2019 blir godkjent.

Sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve. Systematisk brot på Stranda kommune sitt saksbehandlingsreglement.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 1. april 2019

Ole Jørgen Sve bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtredde møtet. Kontrollutvalet erklærte han inhabil. Ingen vara tiltredde.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet finn å ville avvende fylkesmannen si behandling av innsend lovlegheitsklage, datert 14.02.2019, før ein vurderer om dei spørsmåla som på same tid er reist om kommunal saksbehandling m.v. bør takast opp til behandling i utvalet.

Sak 07/19 - Status omkring forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune, ref KU sak 02/19.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 1. april 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa og oppdateringa til vitande.

Sak 08/19 - Årsmelding 2018 Stranda kontrollutval

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 1. april 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 1. april 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Stranda kontrollutval.

Eventuelt:

Kontrollutvalet bestemde å flytte møtet som var avtalt til måndag 20. mai til måndag 3. juni kl. 16.05.

Møtet var slutt kl. 17.05

Inge Gjærde leiar	Helge Kvame nestleiar	Ole Jørgen Sve medlem	Anne Melgaard Tårn medlem	Eva Rinde Habostad medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 27.05.2019

**SAK 10/19
ÅRSMELDING 2018 – STRANDA KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2018 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Stranda kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 27.05.2019

**SAK 11/19
KOMMUNEREKNESKAPEN 2018 – STRANDA KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2018 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2018

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda kommune sitt rekneskap for 2018 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser kr 280.785.160 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 12.988.047. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er omtala under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon innhenta på datoen for denne revisjonsmeldinga består av kommunen si lovpålagte årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Ålesund, 15. april 2019

Anne Nygård

Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 27.05.2019

**SAK 12/19
SÆRREKNESKAP 2018 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2018 - Stranda Hamnevesen KF
2. Særrekneskap 2018 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Stranda Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2018 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Styret

Til kommunestyret i Stranda

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR – SÆRREKNESKAPEN 2018 – STRANDA HAMNEVESEN

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert særrekneskapen for Stranda hamnevesen KF som viser et netto driftsresultat på kr 8 988 011,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 9 682 423,-. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til særrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den særrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Anna informasjon

Anna informasjon består av informasjon i føretaket sin årsrapport, men inkluderer ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga. Leiinga er ansvarleg for anna informasjon.

Vår uttale om revisjonen av særrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av særrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og særrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av særrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at særrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på særrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om særbudsjett

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert særbudsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Ålesund, 7. mai 2019



Knut G. Alnes

oppdragsansvarleg revisor

Sak 13/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune»

Vedlegg: pdf rapport «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune» datert 21. mai 2019.

Rapporten er sendt på høring til rådmannen i tråd med praksis.

Bakgrunn: frå Stranda kontrollutval si møtebok 2. februar 2019

Sak 02/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. februar 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune i samsvar med vedlagde prosjektplan.

Revisjonen har hatt følgjande problemstilling:

Føremålet med dette prosjektet, er å kartlegge korleis Stranda kommune er som tenesteleverandør overfor dei minoritetsspråklege barna som bor i kommunen.

I budsjettdokumentet er det nemnt at kommunen har ei utfordring knytt til språkopplæring og tilpassa undervisning for minoritetsspråklege elevar.

Følgjande problemstillingar vart valt til prosjektet:

- 1) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?*
- 2) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?*
- 3) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elevar med rett til særskilt norskopplæring for å:
 - Kartlegge om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?*
 - Sikre at norskferdigheitene blir kartlagt jamleg?**

Vurdering:

Det blir vist til kapittelet 6 i rapporten, konklusjonar og tilrådingar. Her summerer kommunerevisjonen utfordringar framover og moglege tiltak som kan gjere arbeidet betre i framtida.

Kommunerevisjon 3 seier:

Problemstilling 1: Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?

Språkutviklinga til barna under skulepliktig alder, blir vurdert på helsestasjonen av helsesjukepleiar og i barnehagane av barnehagepedagog. Vurderingane blir dokumentert og lagra. Helsestasjonen og barnehagane har ikkje utarbeidd egne retningslinjer som seier at dei skal gjennomføre vurderingar av språkutviklinga til dei minoritetsspråklege barna. Barnehagen har ikkje egne retningslinjer som seier at vurderingane skal gjerast av barnehagepedagog. Kommunerevisjonen rår til at det blir vurdert å utarbeide egne retningslinjer for å kvalitetssikre at arbeidet blir gjennomført, og sikre at alle dei minoritetsspråklege barna blir følgt opp jamleg.

Minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder som har språkvanskar, får spesialpedagogisk hjelp i kommunen om det er behov for det. Barnehagane har egne retningslinjer. Kommunen har retningslinjer på arbeidet omkring dette tema ved retningslinjer for Betre Tverrfagleg Innsats, BTI, som inkluderer helsestasjonen, PPT, barnevern, lege og barnehagane. Helsestasjonen kommuniserer med barnehagen om dei oppdagar at eit barn har språkvanskar og kanskje har behov for spesialpedagogisk hjelp, men dei har ikkje egne retningslinjer for korleis dei skal gå fram i slike tilfelle.

Kommunen har utarbeidd retningslinjer «Den gode skulestart», som skal sikre at barnehagane samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule. Barnehagane og skulane følgjer desse retningslinjene og har gode rutinar på dette arbeidet med den hensikt at barna skal få ein trygg og god overgang. Dei private barnehagane ønsker enda betre samarbeid med Sunnlyven skule om overføring av informasjon om kvart barn til skulen.

Tilrådingar: Overgang frå barnehage til skule

- Kommunen bør vurdere å utarbeide rutinar som kvalitetssikrar at Forskrift om Rammeplan for barnehagen blir følgd.
- Helsestasjonen bør vurdere å utarbeide egne retningslinjer for vurdering av språkutvikling til dei minoritetsspråklege barna, og om praktisk handtering vidare ved oppdaging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen bør vurdere å få til eit møte mellom dei private barnehagane og Ringstad skule for å få til eit enda betre samarbeid om overgang frå barnehage til skulen.

Problemstilling 2 : Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk, før vedtak om særskild språkopplæring?

Dei to barneskulane i undersøkinga kartlegg kva dugleik dei minoritetsspråklege barna har i norsk, før dei gjer enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Kommunen har ikkje utarbeidd skrivne retningslinjer for korleis skulane skal ta i mot ein ny minoritetsspråkleg elev eller på kva måte dei skal kartlegge språkkunnskapen deira.

Ringstad skule som har 70 minoritetsspråklege elevar opplever stor arbeidsmengde ved mottak av dei minoritetsspråklege elevane og deira familiar.

Tilrådingar: Behov for særskilt norskopplæring

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner for korleis skulane skal ta i mot nye minoritetsspråklege elevar, og på kva måte dei skal kartlegge språkkunnskapen til desse.
- Kommunen bør eventuelt vurdere ei form for avlastning for Ringstad skule som opplever at dei er første instans for mange minoritetsspråklege familiar som kjem til kommunen.

Problemstilling 3: Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elever med rett til særskilt norskopplæring for å kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?

Skulane kan ikkje gje opplæring i alle dei mange ulike morsmåla som det kunne vore behov for meir opplæring i, men dei legg til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen har ikkje utarbeidd retningsliner som seier at skulane skal kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Det er heller ikkje retningsliner som seier korleis skulane skal organisere opplæringa om dei ikkje kan gje opplæring i dei ulike morsmåla og/eller tospråkleg fagopplæring.

Begge skulane har rutine for å kartleggje norskferdigheitene til dei minoritetsspråklege elevane kvart halvår, noko som er jamleg.

Kommunen har utarbeidd felles retningsliner for skulane om vurderingspraksis. Det kan sjå ut som at lærarane på den eine skulen ikkje kjenner godt nok til desse retningslinene.

Tilrådingar: Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring

- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier at skulane skal kartleggje om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring og undersøkje moglegheitene for å kunne gje slik opplæring
- Kommunen bør vurdere å utarbeide retningsliner som seier korleis skulane skal organisere opplæringa om dei ikkje kan gje opplæring i dei ulike morsmåla

Vurderinga til sekretariatet er at rapporten svarer på bestillinga som kontrollutvalet gjorde i møtet sitt i sak 02/19 den 12. februar 2019.

Kontrollutvala jobbar etter ein bestiller-utførermodell der kontrollutvalet har bestillarrolla og revisjonen har utførerrolla.

Sekretariatet er administrasjonen til kontrollutvalet og hjelper utvalet i å utføre bestillarrolla. Utvalet bestiller forvaltingsrevisjon, selskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som kjem frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga til kontrollutvalet. Dette inneber ikkje at sekretariatet skal vurdere metodeval, prosjektdesign, datainnhenting, lovbruk og vurderingar som framkjem i rapportane til revisoren. Dette må revisor sjølv bere ansvaret for gjennom dei kvalitetssystema som skal vareta dette.

Saka blir lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret viser til revisjonsrapportens konklusjonar i kapitel 6 og føreset at rådmann tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd *eigne retningslinjer* innan områda:
 - overgangen mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn
 - mottak av minoritetsspråklege elevar i skulen, og kartlegging av språkkunnskapen
 - kartlegging av behov for morsmålsopplæring, og organisering av alternativ opplæring.
3. Kommunestyret ber om ei vurdering av ei form for avlastning for Ringstad skule si rolle som hovudmottakar for minoritetsspråklege elevar.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat